

# **Velkommen til Lye ungdomsskule**

Takk for oppmøte i kveld! Alle me som jobbar her gler oss til å bli kjent med nye elevar. Elevane synest nok det er både litt skummelt og litt spennande å starta opp på ungdomsskulen. Me skal gjera alt me kan for å møta elevane på ein god måte slik at dei opplever **trivsel, meistring og læring** dei tre åra dei er elev her på ungdomsskulen. Skulen har fokus på eit godt heim og skule samarbeid, og forventar at føresette lagar gode foreldrenettverk då dette er ein suksessfaktor for at elevane skal trivast og ha det godt saman i nye klasser.

## **Merk dykk desse viktige datoane framover:**

- \* **5. april :** Lye ungdomsskule med rektor, avdelingsleiar og elevar frå ungdomsskulen kjem på besøk til 7. trinn på Undheim og Lye skule. Elevane vil få informasjon om valfag, framandspråk/fordjupningsfag/arbeidslivsfag.
- \* **19. april:** Frist for å søkja valfag, framandspråk/fordjupningsfag/arbeidslivsfag. Lenka til val vil bli sendt ut frå barneskulane slik at elevar og føresette kan sitja saman og gjera gode val.
- \* **3. mai:** Lye ungdomsskule inviterer til besøksdag for nytt 8. trinn
- \* **30. mai:** Elevane får opplest klasselistene på skulen av leiinga ved Lye ungdomsskule. Foreldre- og elevmøte for nytt 8. trinn på ettermiddag/kveld kl. **18.00**

## **På besøksdagen:**

Elevane frå Lye og Undheim skule besøkjer Lye ungdomsskule **3. mai**. Her vil dei få omvising på skulen, møta dei andre elevane som skal gå på trinnet og få diverse informasjon. Det vil bli teambuildingsoppgåver og ei lita overrasking. Dei vil bli godt kjend med avdelingsleiar, sosial pedagogisk ressursperson og sosiallærar og evntuelt andre vaksne.

## **Foreldre- og elevmøte:**

**Torsdag 30. mai** vil elevane i løpet av skulendagen få informasjon om kva klasse dei skal gå i. Leiinga ved Lye ungdomsskule vil då besøkja Lye skule og Undheim skule og lesa opp klasselistene for elevane.

Om ettermiddagen/kvelden **30. mai, klokka 18.00**, ønskjer me både elevar og føresette velkommen til foreldremøte på Lye ungdomsskule. Her vil elevene få treffa ny kontaktlærer, sjá klasserommet sitt og samlast i ny klasse for fyrste gong. Føresette vil også få høve til å treffa kontaktlærarar, andre føresette, samt helsa på dei nye klassekameratane til bornet sitt, samt litt nytig informasjon.

Me møtes ved flaggstonga i skulegarden før foreldre- og elevmøte startar. Her les me opp klasselistene og elevane går til klasseromma sine saman med ein voksen. Føresette går saman med rektor til auditoriet kor ein blir presentert for nye kontaktlærarar, får informasjon frå skulen og høve til å stilla spørsmål. Kontaktlærarar er med ei kort stund før dei går til sine klassar. I klassane blir det eige program for elevane.

## **Viktig informasjon om valfag og språkfag / fordjupingsfag / arbeidslivsfag:**

Me på Lye tilbyr i år valfaga fysisk aktivitet og helse, design og redesign, friluftsliv, produksjon for scene og trafikk. Trafikk er kun for elevar på 10. trinn. Skuleåret 2024/2025 vil det bli tilbod om eit til valfag, evnt. ei til gruppe av dei eksisterande faga. På lenka [Søk i læreplan \(udir.no\)](#) finn de ei oversikt over ulike valfag Det er veldig viktig at de går inn og les kva dei ulike innhaldet i dei ulike faga, og kva du kan forventa å læra.

Det er viktig at de tek tre ulike val i samband med valfaga. Me vil så langt det lar seg gjera sørgerja for at alle elevane får 1. valet sitt, men det kan vera at nokon opplever at dei får 2. eller 3. valet. Me må ha minimum 10 elevar som vel faget for at me kan starta det opp. Hugs å bruka god tid til å tenkja over valet du ønskjer å ta. Du kan berre velgja ein gong.

Neste skuleår tilbyr me berre tysk som anna språkfag i tillegg til engelsk fordjuping og arbeidslivsfag. Om de ønskjer å lesa meir om faga kan de gå inn på lenkjene nedanfor. Merk dykk at det blir avhalde lokalt gitt eksamen (munnleg eksamen) i alle dei tre faga tysk, engelsk fordjuping og arbeidslivsfag.

## **Språkfag / fordjupingsfag / arbeidslivsfag:**

Fordjupning i engelsk: [Kjerneelementer - Læreplan i fordypning i engelsk \(ENG03-02\) | udir.no](#)

Arbeidslivsfag : [Kjerneelementer - Læreplan for arbeidslivsfag på ungdomstrinnet \(ARB01-03\) | udir.no](#)

Anna framandspråk (Tysk): [Kjerneelementer - Læreplan i fremmedspråk \(FSP01-02\) | udir.no](#)

**Me ser fram til å møta både dykk og ungdommen dykker utover våren!  
Om du har spørsmål tek du kontakt.**

Mvh

Ingeborg Sagen Milner – rektor - 51778371

Grete Reppe Håland – avdelingsleder/spespedkoordinator - 51778372